



STORTINGET

# #Seiifrå

KORLEIS DU DELTAR I SAMFUNNSDEBATTEN



#Seiifrå

# #Seiifrå

Ein guide til korleis du bidreg til ein god debatt, der både du og andre føler dykk trygge til å sei det de meiner.

## CASE:

Thea (14) meiner det er viktig å få ein ny ballbinge i nærområdet sitt. Ho skriv sitt første lesarinnlegg til lokalavisa og argumenterer for at nærområdet manglar eit lågterskel fritidstilbod for barn og unge. Thea argumenterer for at politikarane bør sørge for at det blir bygt ein ballbinge på tomte like ved skulen. Lesarinnlegget blir publisert i lokalavisa – både på trykk og på nett – i tillegg til at det blir delt på Facebooksida til lokalavisa. Kommentaranerenn inn. Mange er positive, mens andre er negative og nokre få rett og slett er skremmande.

## #SEIIFRÅ-GUIDEN:

Ulike svar på lesarinnlegget til Thea	Eksempel	Korleis Thea kan møte svara ho får	Eksempel	Korleis du kan vere ein kvardagshelt for andre
1. Saksargumentasjon	<ul style="list-style-type: none"><li>- Undersøkingar kommunen har gjort, viser at det ikkje bør byggast ballbinge der.</li><li>- Det kostar mykje pengar.</li><li>- Området treng barnehage. Dette er einaste moglege tomt.</li><li>- Det er ikkje kort og trygg veg til næraste ballbinge.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Saklege motargument</li><li>- Be om kjelde</li><li>- Vis til fakta som styrkar saka di</li></ul>	Der kritikaren tar opp økonomi, kan du trekke fram fysisk og psykisk helse hos barn som like viktige argument. Spør gjerne kven som har gjort undersøkinga det blir vist til. Kanskje stemmer ikkje det som blir presentert som fakta.	Delta i debatten. #Seiifrå om at Thea svarar bra og at ho har viktige poeng – sjølv om du er ueinig med henne.
2. Personkritikk	Drittunge! Sånne som deg kan ingenting om kva pengar burde brukast til.	#Seiifrå	Det var ikkje hyggeleg. Har du ikkje noko betre å sei? Har du nokre argument?	#Seiifrå om at slike kommentarar ikkje høyrer heime i ein god debatt. Ros Thea for å vere den saklege sjølv om du er ueinig med henne.
3. Jukseteknikkar <ul style="list-style-type: none"><li>- ofte kalla hersketeknikkar</li><li>- usaklege samanlikningar</li></ul>	Kjære vesle venn, dette var vel litt for mykje å tenke på for det vesle hovudet ditt. Kanskje du heller burde gå tilbake til fjortisvennene dine og heller la vaksne drive med politikk?	#Seiifrå at hersketeknikkar er juks	Eg har akkurat like mykje rett som deg til å sei kva eg meiner. Om du ikkje har tenkt å diskutere sakleg så treng du ikkje kommentere.	#Seiifrå om at feige teknikkar er juks. Ros Thea for på vere den saklege sjølv om du er ueinig med henne.
4. Hatprat og sjikane	Sånne små jenter som deg burde ikkje hatt lov til å skrive, du er jo tett i pappen.	#Seiifrå/ Det er lov å la vere å svare	Eg har akkurat like mykje rett som deg til å sei kva eg meiner. Om du ikkje har tenkt å diskutere sakleg så treng du ikkje kommentere.	#Seiifrå om at sånt ikkje er greitt verken mot vaksne eller barn, og rapporter kommentaren. Sjekk med Thea om ho blei skremd. Forsikre henne om at sjølv om nokre er slemme, så må ho fortsette å sei meninga si.
5. Truslar	Ballbinge vegg i vegg med der eg bur??? Eg NEKTAR å ha ballar smellande i veggen heile tida. Om eg så mykje som SER deg med ein ball utanfor huset mitt skal eg banke deg opp.	Rapporter til nettstaden debatten føregår på. Viss trusselen er alvorleg kan du vurdere å melde personen til politiet. Det er lov å la vere å svare.	Dette ser eg som ein trussel. Eg har rapportert kommentaren din og vurderer å melde trusselen din til poli-tiet.	#Seiifrå om at sånt ikkje er greitt verken mot vaksne eller barn og rapporter kommentaren. Sjekk med Thea om ho blei skremd. Forsikre henne om at sjølv om nokre er slemme, så må ho fortsette å sei meninga si.

## 5 RÅD TIL UNGE SOM LURER PÅ OM DEI SKAL ENGASJERE SEG

1. Sei det du meiner. Då blir du lytta til og har større sjanse for at saka du er opptatt av, får ei løysing som du ønsker.
2. Lær deg meir om saka, kanskje du kan søke råd hos, eller delta i, ein organisasjon eller foreining?
3. Nokre vil vere ueinige med deg. Det er lov. Kanskje kan du be nokon du kjenner om hjelp til å førebu deg på kritikk?
4. Får du tilbakemeldingar som kjennest slemme, ubehagelege eller skremmande, be ein vaksen om hjelp!
5. Nokre brukar mange triks når dei diskuterer. Lær deg triksa, så du ikkje blir lei deg eller tar dei personleg.

## 5 RÅD TIL VOKSNE OM KORLEIS DEI SKAL MØTE ENGASJEMENT HOS BARN OG UNGE

1. Hugs at barn er barn. Som vaksen er det alltid ditt ansvar å oppføre deg skikkeleg i debatten.
2. Om du kommenterer på nett eller gjennom avisspaltene, sjekk med deg sjølv om du ville sagt det same om barnet stod rett framfor deg.
3. Bruk yringsfridomen din til å skape ein god debatt for alle, i alle aldrar. Hei på unge stemmer uansett!
4. Ser du truslar, sjikane eller andre former for uakseptable kommentarar – ver ein kvardagshelt og #Seiifrå!
5. Ta dei unge på alvor. Dei har meiningar vaksne treng å høyre. Bidra til at barn og unge får ei god debattoppleving.